



Jorun Margrethe Espetvedt
Bustølvegen 62
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1486 - 17/24317

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

07.12.2017

Løyvingsbrev Gbnr. 24/3 Langeland SMIL 2017 - tilskot til istandsetting av steinhus

Administrativt vedtak. Saknr: 346/2017

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad dagsett 30.05.2017.

Meland kommune vart for 2017 løyvd kr 250.000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06.2017 og 10.11.2017. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 13 søknader, m.a. frå Espetvedt drift v/ Jorunn Margrethe Espetvedt og Bjørn-Olav Enger for Gnr. 24. bnr. 3.

Espetvedt drift v/ Jorunn Margrethe Espetvedt og Bjørn-Olav Enger har søkt om tilskott til: Istandsetting av steinhus.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket
- Bilete

Bruket har eit jordbruksareal på 43 daa, 12,9 daa skog og 4 daa anna areal. Jorda på bruket vert leigd bort til Axel Dale.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet. Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turveggar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2017 revidert. Det ble i ettertid utarbeidd eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadene vert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP).

Vurdering:

Prioritering totalt sett: 11

Søkjarane ynskjer å sette i stand det gamle steinuset på bruket, bygget er truleg bygd som ein jordkjellar før 1900. i mellomkrigstida i 1936 og kring 1940 vart andre etasje reist. Bygget har trong for restaurering da ein av gavlveggen har begynt å helle utover slik at det er ein opning mellom gavlveggen og dei langsgåande veggane. Bygget har truleg fått skaden som følgje av ein setning i grunnen. Det er trong for å utbetre skadane på bygget før veggen glir ut. Bygget står plassert i eit større samanhengande kulturlandskap, og står i eit intakt kulturmiljø. Bygningen er godt synleg i landskapet, og ligg langs ein mykje brukt gang- og sykkelveg. Søkjarane har også søkt om tilskot til istandsettinga frå kulturminnefondet og Hordaland fylkeskommune. Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt føremål, jf. forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 1.

Kostnadsoverslaget vert slik:

Tiltak	Material kostnader	Arbeid	Kostnad kr	Tilskots %	Tilskot kr
Vøling steinhus	56000	281000	337000		
Sum			337000	9	30000

*Avrunda til nærmaste 1000.

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12 og basert på artskart, naturbase og den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdiar på Langeland. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

Vedtak

"Meland kommune løyver 30 000 kr i tilskot til Espetvedt drift v/ / Jorunn Margrethe Espetvedt og Bjørn-Olav Enger på Gnr. 24 bnr. 3. Løyvinga er eit eingongstilskot. Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 10.12.2020.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Søklar har forplikta seg i høve til ein rekkje punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf. punkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søklar før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Regional kulturminneforvaltning:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarande mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søklar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad før.

Kontroll:

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf § 9. Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synfare tiltak. Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

Omgjering av vedtak:

Kommunen kan omgjere vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf. § 10. Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga. ”

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

SMIL søknad signert gbnr. 24-3

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Jorun Margrethe Espetvedt

Bustølvegen 62

5918

FREKHAUG